

KYRKJEBLAD

54. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 7/00

Les i kyrkjebladet

Biskop Hagesæther har sendt jolehelsing.

Side 3.

I oktober tok me farvel med familien Dyrhol.

Side 4.

Dale Søndagsskule runda hundre år i oktober.

Side 5.

Konfirmantane var med på nattcup i Bergen.

Side 6 og 7.

Spanande Afrikatur i oktober

side 8 og 9.

50- og 60-års konfirmantar

side 10.

Glimt frå Farne tider

side 11.

«Julegåver eg ikkje ville ha» heiter eit julestykke.

side 13.

4-åringar frå Dale, Vaksdal og Eksingedalen.

Side 16

GLADE JOL, HEILAGE JOL



Tida for jola nærmar seg. Ei tid med familiekos og hygge, men også med einsemd og sorg for mange.

Lat denne jola verta ei tid me ikkje berre tenkjer på oss sjølve. Lat det sinnelaget vera i oss denne jola, som er i Kristus Jesus. Han som skulle og burde vera jola sin hovedperson.

Lukke til med ei fredeleg og omtenksam jol.

VAKSDAL PRESTEGJELD**Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20**Fax 56 59 39 29**

E-post:

kyrkjekontoret.vaksdal@ulvik.org

Ekspedisjonstid: Tysdag og torsdag**kl. 09.00-13.30, onsdag kl. 10.30-****13.30****Kyrkjeverje Svein Tøsse,**

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20, E-post: soknepresten.vaksdal@ulvik.org

Tlf. privat 56 59 73 15, E-post: frode.kvamsøe@c2i.net

Mobiltlf.: 90 19 65 14

Kapellan:

Postboks 23. 5725 Vaksdal

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teleplikt.

**KYRKJEBLAD FOR
VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

Bladstyrar:

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

Adressa finn de øverst i denne spalta

Kasserar:

Vaksdal Kyrklege Fellesråd

boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34

5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,

Pb. 113, 5721 Dalekvam.

STOFF TIL NESTE NR.må vera kome redaktøren i hende innan
19. januar 2001.

Bladet kjem ut i veke 8, 2001

LEIAR

Det er med ei underleg kjensle eg sit og gjer ferdig julenummeret av kyrkjebladet for år 2000. Dette er mitt siste blad. Grunnen til det er at eg ved sist nyttår sa meg opp med verknad frå januar 2001.

Årsaka til at eg sa meg opp er at eg fann at eg ville prioritera andre ting framover nå. Det har vore kjekt å arbeida med kyrkjebladet, men nå er eg altså komen til ein skiljeveg.

Eg vil med dette takka alle som eg har hatt samarbeid med gjennom desse åra. Vidare vil eg takka lesarane for fylgle og ynskja kvar og ein ei fredfull julehelg og eit godt nytt år.

Ragnvald Kringlebotten

Ragnvald Kringlebotten sluttar som redaktør i kyrkjebladet.

Etter om lag 8 år som redaktør, med ein liten pause i 1996, seier Ragnvald Kringlebotten frå seg stiltinga som redaktør. Kyrkjebladet har, så lenge eg har kjent til det, ikkje hatt noko eige styre eller redaksjonsnemnd. Alt arbeidet har difor vore lagt til redaktøren, med unntak av einskilde faste spaltar og kasserarjobben. Kontakt med trykkeriet, posten og annonsørane har Ragnvald sjølv stått for.

Det vert for tida arbeidd for å få til eit kyrkjebladutval, som skal arbeide med form og innhald. Utvalet kan syte for at ein ny redaktør får meir stoff og betre arbeidsforhold enn redaktøren til no har hatt. Det er viktig at arbeidet med kyrkjebladet ikkje stoppar opp, og at me om ikkje altfor lenge kan tilsetje ein ny redaktør.

Me vil med dette takke Ragnvald for arbeidet som er gjort.

Kyrkjeverje, Svein Tøsse

KYRKJESTADEN**DALE 100 ÅR****Jubileumsskrift**

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til salgs for:

Kr 100,-**hjå Petersen & Ypsøy
og på Kyrkjekontoret**

**Boka kan tingast frå
Kyrkjekontoret, Boks 113,
5721 Dalekvam .
Tlf. 56 59 39 20**

**Godkjende leverandørar av gravminner**

Desse leverandørane er godkjende for levering av gravminner. Alle gravminner må være innanfor forskriftene i gravferdsloven. Dei fleste leverandørane har lokale kontaktpersonar.

Åsane Stein AS

Sætre Stenindustri AS

Kjøl Stenindustri

Øien steinhuggeri

Brødrene Strand Stenhusgeri AS

Decoform Gravmonumenter AS

Eikner Naturstein AS

**Alle andre leverandørar
pliktar å søkje om godkjenning
for kvart einskild
gravminne fram til at grav-
minnekatalogen er godkjent. Godkjenningar i andre kommunar gjev ikkje
automatisk godkjenning i
Vaksdal.**

SANNFERDIGE JULEBILETE

Får biskopen julekort?

Ja, biskopen får julekort. Nokre av dei kjem frå menneske eg ikkje kjenner. Dei bur her på Vestlandet, og vil ynskje biskopen god jul.

Ofte har desse korta bibelske motiv, gjerne eit av Den heilaga familien i stallen. Dei tenkjer nok at det må vere noko religiøst til biskopen, det høver nok for han.

Frå dei unge generasjonane får eg kort med støtte til Amnesty International. Det kan vere kraftige illustrasjoner som ropar av smerte og kallar på forsoning.

Venene mine sender ofte biletet av seg sjølv – Men om vi no går til Bibelen og spør korleis julebileta ser ut der!

Dei er langt frå så stemningsfulle og romantiske som religiøse julekort brukar å vere. Dei er nok heller ikkje så kraftige som biletet frå dei unge generasjonane: Her er det Gud som grunnleggjande handlar til vår frelse. Minst av alt liknar dei våre eigne oppkopierte sjølvportrett.


Still deg opp i "Den vesle bibelen" og sjå julebiletet derifrå: "For så elskar Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv." (Joh. 3,16).

Stå saman med Paulus når han seier korleis det var: "Han gav avkall på sitt eige, tok på seg ein tenars skapnad og vart menneske lik." (Fil. 2,7).


Det er berre flott om du skimtar ditt eige andlet i det store og sannferdige julebiletet. For det er der du høyrer til! Ikkje hjelpelaust åleine eller sjølvlysande sentral. Men tett og nært vår Frelsar og bror. Det er sant, det som står i julesalmen: "Han er Frelsar min!"

Sannferdig og truverdig er Bibelen sitt julebilete!

*Ole D. Hagesæther
biskop*



Måla av Aud Haugen



Farvel med familien Dyrhol

Søndag 15. oktober var det duka for siste gudstenesta til Bård-Egil Dyrhol i Vaksdal prestegjeld. Denne gudstenesta var i Vaksdal kyrkje.

Preika den dagen hadde utgangspunkt i Luk. 11,3 "Gjev oss i dag vårt daglege brød."

-Når eit barn får ein mjuk pakke, men ynskte ein hard, kan det lett verta skuffa, sa Dyrhol. Ei slik handling kan også spegla oss. Ekte takk kan ikkje koma på kommando. Lat oss takka Gud for at han syter for oss. Frans av Assissi hadde alt, men mangla likevel noko. Så fekk han møta Gud, og fekk kall til å gjera noko for andre, sa Dyrhol.

Fest

Etter gudstenesta var det avskjedsfest i Vaksdal bedehus.

På festen fekk me betasuppe, kaffi og kaker.

Helsingar fekk dei med seg frå Vaksdal og Dale sokneråd, Frode Kvamsøe, som også bar fram helsing frå prost Knut A. Kundsen, pinsevenene ved Trygve Urhaug, frå speidarane og frå Vaksdal kristtelege ungdomslag.

Til slutt takka Bård-Egil for tida på Vaksdal og for alle gode ynskje på vegen vidare.



Bård-Egil saman med Karianne, Kristina og Lars Tolås Boge og siste barnet han døypte i Vaksdal, Haldis Tuva Tolås Boge.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Varme kleplagg vanka det frå Vaksdal og Dale sokneråd.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Eit innkjemt farver med speluarane

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Frå sokneråd i Eksingdalen og Nesheim fekk dei eit fint trefat.

Foto: Ragnvald Kringlebotten

Dale Søndagsskule 100 år

Søndag 22. oktober var det festgudsteneste i Dale kyrkje i høve av at Dale Søndagsskule markerte 100 års-jubileum.

Under gudstenesta vart Ingeborg Nesheim tildelt kongens sølv for 50 år som søndagsskulelærar på Dale.

På festen i bedehuset fekk me nyta god mat og drikke.

Krinssekretær Nils Arne Lavik overrekte forbundet sin vimpel og eit sett med "overheadark" frå Bergen Søndagsskulekrins.

Frå Vaksdal kommune fekk dei ein gåvesjekk på 500,- kroner. Dale sokneråd gav ein glasvase med inskripsjon, og Per Småbrekke helsa frå Søndagsskulagaget og overrekte blomar. Elles var det helsingar frå Dale og Stanghelle indremisjonar og Frode Kvamsøe, Kristi Viksund, Eirik Småbrekke og Gunvor Gjørsvik. Tidlegare søndagsskulejente Karen Johanne Rosvold takka for det ho fekk med seg, og minntest at dei hadde fleire klassar då dei heldt til i Forsamlingshuset.

John Ove Thaule intervjuar far sin Bjarne om hendingar i søndagsskulen på Dale. Då Bjarne Thaule tok til som søndagsskulelærar i starten på tjueåra, var det lærar Borghild Engen som leia det heile. Særleg trekte Bjarne fram alle dei gilde turane dei hadde i løpet av desse åra.



Tidlegare og noverande søndagsskulelærar frå Dale. Framme fv. Ingeborg Nesheim og Gudrun Vågen. Bak fv. John Sellevold, Randi Henriksen, Astrid Trettenes, Bjarne Thaule og Liv Stokke Sellevold.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Etter gudstenesta i Dale kyrkje 22. oktober fekk Ingeborg Nesheim kongens fortenevestmedalje for 50 år som søndagsskulelærar på Dale. Det var ordførar Øivind Olsnes som stod for overrekkinga.

Foto: Jan Egil Dyvik - Hordaland



Krinssekretær Nils Arne Lavik overrekte vimpelen til Norsk Søndagskoleforbund til Dale søndagsskule ved Ingeborg Nesheim.

Foto: Ragnvald Kringlebotten

Konfirmantane på nattcup i fotball

I november var 31 konfirmantar og leiarar med på konfirmantnattcup i fotball. I Haukelandshallen var rundt 500 konfirmantar samla til fotballsparkning, konsert, gudsteneste og sosialt fellesskap.

Det heile starta kl. 21.30 ein fredagskveld, og vart avslutta kl. 07.00 laurdagsmorgen. Vaksdalskonfirmantane stilte med tre lag, det var seks spelarar og innbytar på kvart lag. Jentene greidde ikkje å stille med fullt lag, men var likevel sporty nok til å spele kampane sine. Kampresultata var ikkje så gode, men det var innsatsen!



Vaksdal 1: Framme frå venstre: Tomas Solhaug, Øyvind Flatekval og Nils Adrian Mugaas. Bak frå venstre: Andreas Søvik Fosmark, Åsmund Lavik og Espen Hågenvik Danielsen.



Vaksdal 2 Framme frå venstre: Asgeir Hesjedal Lunde, Aleksander Arnesen, Marius Kvamme Tollefsen, Kristoffer Dalseid Klever. Bak frå venstre: Alexander Auro Indrebø, Daniel Bruvik, Ole Johnny Carlsen og Ingve Hesjedal Lunde, lagleiar .



Duskdamer og fotballspelarar: Monica Gullbrå, Anette Steinsland Boge, Anette Kvamme og Anita Furevikstrand. Framme sit Aleksander Arnesen, som fekk vere med som keeper eine kampen.



Dei fleste av våre jenter ville heller sjå på (gutane?)

Det eine gutelaget, Vaksdal 2, kom til kvartfinalen, der dei tapte straffekonkurransen. Det andre laget, Vaksdal 1, spela og godt, men kom ikkje til sluttspelet trass to sigrar.

Innimellan kampane og ventinga var det mellom anna konsert med nokon som kalla seg Melding Hjem. Desse freista å formidle den kristne bodskapen med musikk og dans, men kan hende det vart vel mykje for somme hovud og øyre midt på natta? Heile samlinga vart avslutta med ei enkel nattverdgudstene, før trøytte konfirmantar fann seg plass på bussen heim – og kravde at lyset i bussen skulle sløkkjast!

Tekst og Foto: Frode Kvamsøe

Spanande afrikatur

Vaksdal har ein vennskapskommune i Afrika.

Sidan 1999 har ei vennskapsgruppe arbeidd med å oppretta ein vennskapskommune i eit utviklingsland. Valet fall på landsbyen Adi-Quala. Denne landsbyen har omlag 12000 innbyggjarar og ligg i Eritrea, rett nord for grensa til Etiopia. Grunna kriegen som blussa opp i området i vår, har ein ikkje kunna senda nokon delegasjon frå Vaksdal før i oktober 2000.

Flytur med komplikasjonar

Linda Lien, Per Nordmark og Sigmund Simmenes vart utpeika til å vera dei første som skulle vitja vennskapsbyen vår. Det var gjort mykje førebuingsarbeid både i Vaksdal og i Adi-Quala før delegasjonen kunne setja seg på flyet 14. oktober. Turen til Eritrea skulle etter planen ta omlag 13 timer, men grunna seinkingar på Kastrup, kom me 20 min. for seint til Eritrea-flyet frå Frankfurt. Då var det to dagar til neste fly til Eritrea, og utsendingane måtte vera turistar i Tyskland på Lufthansa si rekning i ventetida!

Kongeleg mottaking

Heile området kring hovudstaden Asmara og vidare til Adi-Quala ligg på ei høgslette på over 2000 m.o.h. Difor var det klimaet som møtte oss som ein god sommar heime.

Frå flyplassen tok det eit par timer å kjøra mot sørvest. Då me nærma oss landsbyen, vart me møtte av jublende innbyggjarar og leiarbil med det eritreiske flagget på. Smilande og stivpynta småjenter tok imot oss med blomar før me møtte den lokale vennskapsnemnda og resten av leiinga i byen til ei fin mottakingsfest. På programmet sto helsingstalar, utveksling av gåver, dans og fotografering i tillegg til god mat og drikke etter dei lokale tradisjonar.



Vaksdal-delegatane i kaffiseremoni ved velkomstfesten.

Frå venstre: Linda, Sigmund og Per.

Ståande bak: Dei tre «englane» våre!

Vennskap – og krig

Me følte oss verkeleg velkomne på alle måtar. Dei neste dagane var fylte med travle og på same tid avslappa aktivitar. Eritrearane var svært vennlege og visste ikkje godt dei skulle gjera for å setja oss inn i kvardagen i området. Denne kvardagen var prega av ein hard og rå krig med mange falne berre få månader før me kom. Me var på eit par utflukter til grenseområda til Etiopia, der tusenvis av unge menneske hadde late livet i ein krig der grensa no var den same som før kriegen. Dei fleste menn mellom 18 og 40 år var i militærteneste, så det fall mykje på dei heimeverande kvinnene og borna. Dessutan var både avlingar og eindel husdyr utsletta, så der var matutdeling både frå FN, EU og USA i grenseområda.

Fattigdom og optimisme

Folket i Adi-Quala var etter vår målestokk fattige på pengar og gods. Men me oppdaga snart at me ikkje kunne bruka våre materielle måtar å vurdera begrepa fattig og rik på. Eg trur me i vår overflod av tekniske hjelpemidlar og pengar har redusert evna til å sjå andre verdiar som er varmare og meir varige. Ekte og uforfalska vennskapelege smil, handtrykk og omfamningar var gjengangstonen under heile opphaldet. Dette folket er stolte over kulturen sin og har ein ukueleg optimisme for framtidia, berre dei får ha fred i landet.



Lærevillige ungdomar

Me vitja fleire skuleklassar i Adi-Quala. I klas-serom på omlag 30 kvm. var elevtal på 80 pr. lærar det vanlege. Med intens merksemd sat elevane mu-sestille og tok imot det både me tilreisande og dei faste lærarane formidla. For desse menneska var skule og utdanning vegen inn til ei betre framtid. Med enkle midlar fekk dei med seg alt som vart for-midla frå kateteret, noko ein norsk lærar med kring 20 elevar i klassen berre kan drøyma om!

Det vart elles utveksla mange elev-adresser frå skuleborn i Vaksdal, så i tida framover vil nok ein god del pennevenner finna kvarandre!



Glade ungdomar i overfylt klasserom.

Enkelt helsestell

Me vitja også det lokale sjukehuset. Det var dri-ve med svært enkle midlar der praktisk talt alle res-sursar var brukte på pasientane. Det administrative arbeidet vart gjort av den einaste legen. Vedfyrt omnar på kjøkkenet minna om brakka på ein an-leggsplass på femtitalet, og det meste av tøyet vart vaska for hand i eit enkelt skyljekar. Den lokale le-gen synte oss rundt og var stolt av det han fekk til, men vedgjekk at han mangla det meste av det me ville sjå som sjølv sagt utstyr på eit sjukehus. Krigen tok det meste av ressursane.

Legedekninga i Eritrea er gjennomsnittleg 1 til 150000! Hovudtyngda var tropiske sjukdomar, medan helseproblema frå den vestlege velstands-verda var minimale.

Religion

I Eritrea er Islam og Kristendom omlag likt for-delte religionar. I Adi-Quala var omlag 80% av be-folkningen kristne. Ortodokse katolikkar og koptiske kristne hadde vennskapleg og tilsynelatande

problemfri omgang med muslimane. Me vitja eit par kyrkjer. Særleg gjorde møtet med ein 96 år gammal prest inntrykk, der han viste oss den rikt dekorerte og mange hundre år gamle kyrkja si. Her fekk me sjå det meste av bibelsoga gjengitt i farge-rike og dramatiske veggmaleri. Her var det lange, kristne tradisjonar. Frå Bibelen veit me at ei av dei eldste, kristne kyrkjene vart oppretta i dette områ-det.



Jakobsstigen, veggmåleri i den koptiske kyrkja.

Likeverdig vennskaps-arbeid

Inntrykka etter ei veke i Adi-Quala var så mange og strerke at me hadde kjensla av å ha vore der i minst ein månad. Dei tette og gode vennskapsband me knytte til folk flest og til den lokale vennskaps-nemnda med ordføraren i spissen, vil vara.

Sjølv om den materielle velstanden er svært ulik i dei to vennskapskommunane, skal vennskapsar-beidet byggjast på gjensidig likeverd. Dette er ik-kje u-hjelp, men me vonar likevel at me kan vera med å opna statlege dører i Noreg som kan kanali-sera hjelp til å byggja opp eit krigsherja, men livs-kraftig folk.

Me ser med glede fram til å få forventningsfulle afrikanarar på gjenvisitt våren 2001!

Tekst/foto: Sigmund Simmenes



60-års jubilantar i Dale kyrkje 8. oktober 2000

Framme fv. Ingrid Dale Elvenes, Karin Faugstad Pedersen, Ester Seim, Nils Seim, Aud Kirsten Evanger Bruvik, Nelly Helle Breistein og Liv Fiske. Bak fv. Olav Rødland, Erling Døssland, Anton Rønhovde og Johannes Fotland .

Foto: Ragnvald Kringlebotten



50-års jubilantar i Dale kyrkje 8. oktober 2000

Framme fv. Anny Marie Grøsland Mikalsen, Kirsten Birkeland Enes, Liv Helen Hesjedal Pedersen, Solfrid Gullbrå Langhelle, Torbjørg Hanna Rødland Fenne. Midten fv. Sigrid Langhelle Vatle, Randi Stokke Ulevåg, Elfrid Hatlestad Brekke, Svanhild Lid Gullbrå, Solveig Øie Veka, Gudveig Valborg Hauge Karstensen, Oddny Larsen Eide, Anne Margrethe Varden Skallist og Marit Werlo Hvidsten.

Bak fv. Jan Dalseid, Olav Bernhard Kvamme, Audun Johan Takvam, Tore Faugstad, Jan Fjellanger og Arne Andreas Sellevold.

Foto: Ragnvald Kringlebotten

Farne Tider



Frå farne tider tek me med
glimt frå adventsfest på Vaksdal
sjukeheim i 1984. Øverst er det
barn frå barneforeininga
Solglint som syng, og nedanfor
til høgre ser me Olaug Lunde
Stamnes saman med borna
Endre og Helen.

Folkefrelsar til oss kom

Folkefrelser til oss kom,
Fødd av møy i armods dom!
Heile verdi undrast på
Kvi du såleis koma må.

Herrens under her me ser,
Ved Guds ande dette skjer.
Livsens ord frå himmerik
Vert i kjøt og blod oss lik.

Lov og takk, du Herre kjær,
Som til verdi komen er!
Fager god og Ande blid,
Lov og takk til evig tid!

Bernt Støylen



Nytt reiskaps- hus på Flatekval

Eksingedalen kyrkjegard har endeleg fått reiskapshus. Jon Trefall og Aage Lavik har utført arbeidet, og totalkostnadene kom på om lag kr. 85 000,-

Huset er plassert i sørrenden av kyrkjegarden, og skal romme vedlikehaldsutstyret.

Reiskapshuset på Stamnes,
som brann ned i sommar, er
bygd opp att på dei same
grunnmurane.

Arbeidet er utført av
B.U.Service.

JULEGÁVA EG IKKJE VILLE HA

Andakt for dei unge av Mari Ekroll

Det var julekvelden. Det låg mange pakkar under juletreet, og eg var veldig spent. Vi åt deilig julemiddag og song mange fine julesongar, men – det var gåvene eg tenkte på.

Tante las på lappane og delte ut. Vi fekk masse fine ting.

-Ein flott kniv! jubla bror min...

-Akkurat den boka eg ønska meg, sa storesøster.

Og eg vart heilt varm der eg somla rundt med doktorsett, dokka, boka sokkane frå gamletante.

Plutseleg var det tomt under treet. Det går så altfor fort på julekvelden.

-Men vi har ein pakke til som det ikkje vart plass til inne, sa far og forsvann ut i uthuset.

-Denne er til deg, Mari, sa han då han kom inn att. Han sette pakken ned framfor meg på golvet. Han var stor og firkanta med grått papir og tjukt band rundt.

Men då vart eg sur! Det der var ikkje julegáve! Ikkje fint julepapir på eller noko! Og så reiste eg meg opp, tok sats og sparka til pakken så han datt – og tåa vart vondt.

-Ja, men Mari, du må sjå kva det er først, sa mor og dei andre. Og tante, som hadde kjøpt pakken, såg lei seg ut.

-Næsj! Den fillepakken vil eg ikkje ha! Han er stygg!

Men mor og storesøster hadde begynt å løyse på bandet og teipen. Før eg visste av det, datt papiret ned på sidene. Og der stod ein fin leikekommode, med roser på!

Og då gløymde eg alt det dumme, og spsrang på loftet ert dokkekleda.

Jesus er den verkelege julegáva – til alle menneske. Men det er mange som ikkje bryr seg om den gáva. Dei gjer som eg gjorde då eg såg kommoden – dei vi ikkje ha Jesus, vil ikkje ta imot han.

Veit du, det er dumt å ikkje ta imot ei så fin gáve. Du bør undersøkje kven Jesus er, ”rive av papiret” og sjå inni. Veit du korleis du gjer det? Du må opne Bibelen og lese i han. Då får du sjå at Jesus kom til jorda for å frelse deg. Han vil vere din frelsar. Får han lov? Då får du ei skikkeleg jul.

(KPK)



”Vi syng jula inn”

I år vert den tradisjonelle adventskonserten på Stamnes og Dale noko annleis. Me har kalla det ”Vi syng jula inn”. Me ynskjer at konsertdeltakarane og forsamlinga saman kan få fram julestemning med solonummer, fellessong, lystenning og tekstlesing. Lokale aktørar stiller velviljigt opp og vil glede oss med mykje fint. Med på desse to konsertane vert songaren Kjersti Wiik. Om ho ikkje er direkte lokal, så har ho slekt på Eidslandet og ho kjenner seg knytta til Vaksdal kommune. Kjersi Wiik syng både klassisk og folkemusikk. Ho vil i denne samanheng legge vekt på religiøse folketroar som ho har arbeidt mykje med den seinare tid. Me ynskjer alle velkomne til å vere med og synge jula inn, eit litt anna arrangement no i år 2000 enn det tradisjonelle.

”Vi syng jula inn”

Stamnes kyrkje laurdag

16. des kl. 16.00

Medverkande: Blanke messing-en, Kilden, elevar frå kulturskulen, Kjersti Wiik m/fl.

”Vi syng jula inn” Dale kyrkje søndag 17.des kl.

18.00

Medverkande: Dale musikkforeining, Vaksdal familiekor, Kjersti Wiik m/fl.

Forsongarkor

Me ynskjer songarar til forsongarkoret ved høgtidsgudstenesta

1.juledag kl. 11.00 i Vaksdal kyrkje. Øving vert same dag i kyrkja kl. 9.45. Vel møtt!

ALT I KJØKKENINREDNING
BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE
SNEKKERVERKSTED

**SNEKKER
KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 977 36 590

Snittar * Koldtbord * Begravelses-sammenkomster
* Overtidsmat * Møtelokale * Video * Stor-kiosk
Fast-food * Pizza * Musikk * Verksted * Dekk



Dalegarden Nord, 5722 Dalekvam.
Tlf. 56 59 67 36—Fax: 56 59 67 75 -E-mail kaajo@online.no

PETERSEN & YPSØY AS

Bokhandel – Gåver – Foto
Kiosk – Tipping – Rikstoto.
Tlf. 56 59 61 58



Boks 12, 5721 DALEKVAM
Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,
middag og pizza til alle anledninger

AKSJESPARING

-vi har fått 10 nye spanande
aksjefond i Odin !!

START SPAREAVTALE NO !!!

SpareBank 1 Vest

Trelast og byggevarer



Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70
Dalegarden, 5722 Dalekvam



DALE HANDELSFORENING

avd. Dale 56 59 61 01
Avd. Stamnes 56 59 82 03/56 59 82 02
Avd. Stanghelle 56 59 50 35



K. Seim A/S,
Boks 114,
5721 Dalekvam
tlf. 56 59 62 23
Faks. 56 59 67 61

Dei smarte sparar tid & peng.
Her kan du handle det du treng.



**SAMVIRKELAGET
INDRE VESTLAND**
Avd. Vaksdal Senter tlf.: 56 59 46 61

Trehé's Frisör

og Kosmetikk
Vaksdal senter tlf. 56 59 74 88



Dame & herrefrisør

Mån.-tys.-ons.-fre.	9.30-17
Tors.	9.30-19
Laur.	9.30-15
Godt utval i kosmetikk og hårpleiemidler m.a.	

professional

SLEKTERS GANG**DØYPTE****DALE**


22.10 Jenny Kristina Skorpen Kvamme
 19.11 Even Lid Øie
 19.11 Karoline Solberg Sandvik
 19.11 Jonas Bakk Håheim

VAKSDAL


15.10 Haldis Tuva Tolås Boge
 12.11 Marie Johannesen Lian

STAMNES

15.10 Karina Kulshamar Ulevik
EKSINGEDELEN
 29.10 Hallvard Gullbrå

**VIGDE****VAKSDAL**

04.11 Karin Hammer og
 Jan Stanghelle
 18.11 Lena Hesjedal og
 Øyvind Mjelde

**AVLIDNE****DALE**

11.11 Elna Standal, f.1923

VAKSDAL

04.10 Ingvald Larsen, f.1908

11.11 Leif Ingvard Sæterdal, f. 1928

STAMNES

08.11 Bernhard Simmenes, f.1909



JULE FESTAR

BERGSDALEN UNGDOMSHUS

Fredag 29. des. kl. 13.00
Alle hjarteleg velkomne

DALE BEDHUS
Onsdag 27. des. kl. 17.00.
**Arr. Søndagsskulen
 og Indremisjonen.**
**Alle hjarteleg velkomne.
 Kollekt.**

**VAKSDAL
 BEDEHUS**
**Laurdag 6. januar
 kl. 17.00**
Arr. Soknerådet.
Alle hjarteleg velkomne.

**STANGHELLE
 BEDEHUS**
**Søndag 7. januar
 kl. 17.00**
**Arr. Søndagskulen,
 Barnelaget og
 Indremisjonen.**
Kr. 20,- pr.pers.
Maks kr. 100,- pr. fam.
Alle hjarteleg velkomne

**KONSERT
 I DALE KYRKJE**
**Søndag 4.febr.
 kl.19.30**

Olav Arne Steinkopf, orgel

NYTTÅRS- LEIR

PÅ FAGERTUN

28. des. – 1. jan.

Alder:

9. klasse og oppover

PRIS: Kr. 500,-
Syskenmoderasjon kr.
50,-

**Påmelding snarast
 til:**
Noregs Samemisjon
Sparebankgt. 4 a,
5017 Bergen.
Tlf. 55 31 65 06

KONSERT

Nesheim kyrkje
søndag 21.januar
2001 kl.16.00

Tone Synnøve Øygard
 Steinkopf, orgel
 Verk av Bach, Muffat,
 Sweelinck
 Kollekt til
 kyrkjemusikalsk arbeid



VELKOMEN TIL KYRKJE



Laurdag 16.desember

STAMNES kl.16. Vi syng jula inn.

17.desember – 3.søndag i advent

NESHEIM kl.11. Musikkandakt.
Kvamsøe
DALE kl.18. Vi syng jula inn.

Tysdag 19.desember

VAKSDAL KYRKJE kl. 18.
Konsert med Dale Mannskor

24.desember – Julaftan

NESHEIM kl.12. Familie-gudsteneste. Larsen. Offer til Søndagsskulen i Eksingedalen.
EIDSLAND kl.13. Familie-gudsteneste. Kvamsøe.
STAMNES kl.13.30 Familie-gudsteneste. Offer til Kirkens Nødhjelp.
DALE kl.15. Familieguds-teneste. Kvamsøe. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
DALE kl.16. Julaftansguds-te-neste. Kvamsøe. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
VAKSDAL kl.16. Familie-gudsteneste. Larsen. Offer til Kirkens Nødhjelp.

25.desember – 1.juledag

VAKSDAL kl.11. Felles høgtids-gudsteneste. Kvamsøe og Larsen. Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

26.desember – 2.juledag

STAMNES kl.11. Høgtids-gudsteneste. Kvamsøe. Natt-verd. Offer til Norsk kirke i utlandet (Den norske Sjømanns-misjon)
BERGSDALEN kl.11. Høgtids-gudsteneste. Larsen. Offer til Santalmisjonen

31.desember – Nyårsaften

DALE K kl.23.15 Kvamsøe.
STAMNES kl.23.15 Kvamsøe.

7.jan.– Kristi openberringsdag

STAMNES kl.11. Kvamsøe.
Nattverd.
VAKSDAL kl.18. Vikar/Larsen.
Nattverd.

14.januar – 1.søndag etter Kristi openberringsdag

DALE kl.11. Larsen. Nattverd.
BERGSDALEN KL.16. Larsen.
Nattverd.

21.januar – 2.søndag etter Kristi openberringsdag

VAKSDAL kl.11. Kvamsøe

28.januar – 3.søndag etter Kristi openberringsdag

DALE kl.11. Kvamsøe. Nattverd.
NESHEIM kl.11. Bø.
STAMNES kl.17. Kvamsøe.

4.februar – Vingardssøndagen

VAKSDAL kl.11. Innsetjings-gudsteneste for kapellan Edvard Bø. Kvamsøe og Knudsen.
Nattverd.

11.februar – Sámannsson-dagen

EIDSLAND kl.11. Familie-gudsteneste. Bø. Utdeling av "Godt Nytt" til 5.kl.

DALE kl.17. Familiegudsteneste. Bø. Utdeling av "Godt nytt" til 5.kl. Årsmøte.

18.februar – Kristi forklæringsdag

STAMNES kl.11. Familie-gudsteneste. Bø. Utdeling av "Godt Nytt" til 5.kl.

VAKSDAL KL.17. Familie-gudsteneste. Kvamsøe. Utdeling av "Godt Nytt" til 5.kl.

25.februar – Søndag før faste

(Fastelavnssøndag)

BERGSDALEN kl.11. Bø

DALE kl.18. Tomasmesse. Bø og Kvamsøe.

28.februar- Oskeonsdag

DALE KYRKJE kl.19. Skriftemålsgudsteneste. Kvamsøe.

Kyrkjekesyss

Vaksdal sokneråd ønsker å få i stand ei ordning med organisert kyrkjekesyss til einskilde gudsteneste. Som eit opptak til dette er det sett opp skyss for folk tilhøyrande Vaksdal sokn til høgtids-gudstenesta **første juledag kl. 11.00 i Vaksdal kyrkje.**

Dei som ønsker transport denne dagen kan ringa til:

**Helge Gullbrå på telefon
56 59 69 04 eller på
mobiltelefon 941
59856.**

Vaksdal sokneråd.

Returadr.:

Vaksdal kyrkjeblad

Postboks 113, 5721 Dalekvam

FIREÅRINGAR I VAKSDAL ÅR 2000



Fireåringar frå Dale i Dale kyrkje 19. nov.

Foto: Ståle Hol



Fireåringar i Vaksdal kyrkje 12. nov.

Foto: Helge Gullbrå



Fireåringar frå Stanghelle i Dale kyrkje 19. nov.

Foto Ståle Hol



Fireåringar i
Nesheim
kyrkje 8. okt.

Foto: Gunnar
Jarle Nesheim

